


Til Suldal kommune

Eidsvegen 7

4230SAND



Uttale om regulering av Ullsvatnet.

Me som er grunneigarar ved Ullsvatnet og ikkje langs Tysseelva har registrert at det på nytt er kome konsesjonssøknad på utbygging av Tysseelva. Då me såg at søknaden denne gongen berre galdt Tysseelva og ikkje Ullsvatnet, valde me å ikkje senda nokon uttale. Dette avdi me ikkje blei berørte av dei nye planane.

Nå ser me at Rådmannen meiner kommunen primært bør gå mot planane slik dei har gjort to gonger tidlegare av omsyn til naturverdiane i området. Dette følgjer me Rådmannen i. Men så, til vår store undring rår Rådmannen til at dersom NVE vel å gi konsesjon, bør naturverdiane utfordrast vesentleg meir og også ta med ei regulering av Ullsvatnet.

Ullsvatnet er truleg det største uregulerte fjellvatnet som er att i Suldal med sine omlag 1 kvkm. Det synest for oss som om ein må vera utruleg fattig om ein ikkje kan la dette vatnet få liggja urørt. Her er det ingen konflikter i å spara dette vatnet, i motsetning til andre vatn der lokale interesser ønskjer å nytta ressursane i lokalsamfunnet. Her går verdiskapinga ut fjorden medan ulempene er att til lokalsamfunnet.

Med helsing grunneigarane i nordenden av Ullsvatnet

Sand 31.03.14

G.nr. 100 br, 1

G.nr. 101br. 1

G.nr 101br. 2

Hege Nilsen

Jan-Halvard Møgedal

Ola Hauge